



Ole Tundal Bakkebø
Skanselien 33
5031 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1730 - 23/16315

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
13.03.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 58/9 Lygren indre

Tiltak: dispensasjon frå kommunedelplan
Byggjestad: Gbnr: 58/9
Tiltakshavar: Ole Tundal Bakkebø
Ansvarleg søkjar: Ole Tundal Bakkebø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.02.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er vist til at det vert søkt om dispensasjon i forbindelse med bruksendring av sjøhus. Denne skal tilretteleggjast for overnattingsføremål. Bruksendring av sjøhus krev dispensasjon frå regulert byggegrense vist i plankart. Dykk har peikt på at denne bør endrast. Det er jamvel ikkje mogeleg å endre byggegrense i byggesak.
2. Dei ulike tiltaka må visast med ytre mål på situasjonskart. Avstand til nabogrense, andre bygningar på eigeiendommen, samt avstand til sjø, må visast på situasjonskart. Dette gjeld parkeringsareal, nytt bygg til plass for båt, kajakk, osv., samt eksisterande sjøhus, tilbygg og eventuelt andre tiltak som er tenkt i forbindelse med denne søknaden om dispensasjon.
3. Dykk viser i pkt. 5 til eit tilleggsareal på ca. 50 m² rundt utleigeining på tunet, der det er omtalt tiltak på om lag 32 m². Ut frå skildring oppfattast dette som eit tilbygg til eksisterande utleigebygg. Ber om tilbakemelding på om dette er rett forstått, og om tiltaket vert plassert innanfor SN3 i sin heilskap.
4. Etter det kommunen kan sjå ligg skildra parkering utanfor SN4. Tiltak ligg dermed innanfor arealføremål LNF. Ber om tilbakemelding på plassering av parkeringsplass i høve til arealføremål. Dersom tiltak ligg i arealføremål LNF, må søknad supplerast med

dispensasjon frå dette arealføremålet.

5. Søknad om dispensasjonar må nabovarlast, jf. pbl.§21-3 samt SAK10 §5-2.

Det er vist til at ein ynskjer at sak vert handsama basert på innspel dykk har gjort til ny kommuneplan. Byggesak må handsamast ut frå dagens plangrunnlag. Det er dermed dagens kommunedelplan som er grunnlag for vurdering av den konkrete sak.

Kommunen ber om at tilleggsmeningar vert sendt inn samla innan **28.04.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Tundal Bakkebø
Ole Tundal Bakkebø

Skanselien 33
Skanselien 33

5031 BERGEN
5031 BERGEN